

# Helseterminologi i eit språkpolitisk perspektiv

*Ann Helen Langaker*

*Helsesektoren spelar ei sær viktig rolle i språkpolitikken i Noreg og er dermed eit prioritert arbeidsfelt for Språkrådet. I januar 2022 tok den nye språklova (språklova 2022) til å gjelda, og saman med lova kom det ei eiga stortingsmelding (Prop. 108 L (2019–2020)) som stakar ut kursen for den norske språkpolitikken i åra som kjem. Lova skal sikra norsk som samfunnsberande språk og lovfestar det sektorovergripande prinsippet som lenge har lege til grunn i språkpolitikken: Heile den offentlege sektoren har ansvar for språk.*

*Eit av føremåla med språklova er at språkpolitikken skal verka i alle delar av samfunnet. Kvart departement skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar politikken på sitt eige felt, og ha planar og rutinar for korleis dei følgjer opp sentrale føresegner i språklova. Departement som er særleg viktige for offentleg tenesteyting til innbyggjarane, har nøkkelroller i språkpolitikken, og helsesektoren er i stortingsmeldinga peika på som ein særleg viktig sektor for at norsk skal vera eit fullverdig og samfunnsberande språk.*

*Norsk skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Då treng ein norsk terminologi innanfor alle fagfelt. Lova inneheld ikkje ein eigen paragraf om terminologi og fagspråk, men føremålsparagrafen seier at offentlege organ skal ta ansvar for å bruka, utvikla og styrkja bokmål og nynorsk. Kva dette ansvaret inneber, er nærmare presisert i merknadane til paragrafen, som uttrykkjeleg stadfestar at ansvaret for å utvikla bokmål og nynorsk inneber at offentlege organ skal sikra at terminologi blir utvikla på norsk. Med «norsk» er meint både bokmål og nynorsk, og lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremja nynorsk. Nynorsk er det minst brukte språket og har derfor fått eit særleg vern.*

## Strategisk sektoroppfølging

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp gjennomføringa av språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan praktiserer og etterlever reglane i språklova, og rettleier det offentlege i korleis ein kan ta språkpolitisk sektoransvar, og kva som er beste praksis på dei ulike språkpolitiske felta.

I helsesektoren har det sidan 2019 gått føre seg eit stort arbeid med og ei omfattande satsing på å få på plass eit felles helsespråk, i regi av Direktoratet for e-helse. Satsinga skal mellom anna syta for eit økosystem for helsefagleg terminologi og kodeverk og leggja til rette for utveksling av data i helse- og omsorgssektoren. Det er viktig for Språkrådet å følgja med på dette arbeidet for å sjå til at det skjer i tråd med språkpolitiske føringar og mål. Ein stor del av den internasjonale terminologien SNOMED CT, som er vald som omgrepsapparat i satsinga, er no omsett til norsk, men førebels nesten utelukkande til bokmål.

At helsesektoren har sett i gang prosjekt for å få eins terminologi på feltet, er i seg sjølv i tråd med dei overordna måla i språkpolitikken og er eit godt døme på det å ta språkpolitisk sektoransvar. Terminologi- og omgrepsarbeid vil gje helse- og omsorgssektoren eit godt grunnlag for å utvikla språkteknologiske tenester og produkt, og innsatsen vil heva kvaliteten på digitaliseringsprosessane. Terminologiarbeidet som no blir gjort, vil vera av stor verdi ikkje berre for helsesektoren sjølv, men òg i eit større språkpolitisk perspektiv. Gjennomarbeidd, eintydig og tilgjengeleg terminologi kan verka i ein større samanheng og koma heile samfunnet til gode. Men når terminologien berre er tilgjengeleg på bokmål, er det eit hinder for digitalisering på nynorsk.

Språkrådet jobbar systematisk med å peika på at terminologi må utviklast på begge dei norske språka, mellom anna gjennom skrivning av høyringsfråsegner og dialog med helsestyresmaktene. Språkrådet har òg tett samarbeid med strategisk viktige aktørar. Mellom anna er me medlem av det nasjonale redaksjonsutvalet for omsetjing av SNOMED CT. Redaksjonsutvalet kjem med retningsliner, forvaltar referanseressursar og blir konsultert i prinsipielle terminologispørsmål.

## **Samarbeid i skrift**

Språkrådet er òg med i ei gruppe for norsk medisinsk fagspråk som vart etablert i 2015, og som er samansett av medlemmar frå helsetenesta, academia og statsforvaltninga. Eit av føremåla til gruppa er å bidra til å vedlikehalda og vidareutvikla norsk medisinsk fagspråk. Gruppa har eit tett samarbeid med *Tidsskrift for Den norske legeförening*, som spelar ei viktig rolle i røktinga av det norske medisinske fagspråket. Arbeidet i gruppa har mellom anna ført til utgjeving av to bøker om helsespråk: [\*Helsespråk\*](#) (Hem & Nylenna 2021) og [\*Pasientjournalen – språk, dokumentasjon og helsekompetanse\*](#) (Hem, Husom & Nylenna 2023).



Den første boka inneheld 23 artiklar om ulike sider ved språk og kommunikasjon i helsetenesta, og den andre boka tematiserer mellom anna språket i pasientjournalen, kunstig intelligens, språkteknologi og kva som skjer når ein går frå fritekst til strukturert tekst og eit felles helsespråk. For Språkrådet har det vore viktig at terminologi blir tematisert i begge bøkene, og at sentrale aktørar frå det offentlege skriv om stoda for helsespråket og vegen vidare. Eit godt døme finn me i ein artikkel i *Helsespråk*, der Direktoratet for e-helse skriv følgjande (Stokke & Våge 2021, s. 117):

Mye av fremtidens språkrøkt vil bli drevet i slike digitale løsninger som behandler store mengder opplysninger. SNOMED CT kommer derfor til å spille en vesentlig rolle for hvilke fagtermer vi bruker eller møter på, enten om vi er helsepersonell, pasienter eller pårørende. Derfor setter vi kvaliteten i høysetet når vi bygger et felles begrepsapparat i helse- og omsorgssektoren.

Også Språkrådets direktør har skrive ein artikkel i kvar av bøkene, og Språkrådet har nytta høvet til å setja helsespråket inn i ein språkpolitisk kontekst (Wetås 2023, s. 31):

Det offentlege har eit særleg ansvar for å nytta eit godt språk i møte med borgarane. Språkarbeidet i helsesektoren må derfor sjåast i samanheng og røktast på alle nivå, og det må finnast eit helsespråk på både dei norske skriftspråka. Når sektoren jobbar heilskapleg og systematisk med helsespråket, vil gevinsten vera gode og kuraterte språkdata som kan gjenbrukast i digitaliseringa av sektoren, som til dømes i utviklinga av praterobotar, e-helseløysingar og elektroniske pasientjournalar. Dette vil styrkja både språkrettane og helserettane til innbyggjarane. Skal ein sikra desse rettane i praksis, må det koma tydelege føringar frå høgste hald om at språkarbeidet i helsesektoren må koordinerast og prioriterast.

Hovudbodskapen vår er at viss helsesektoren jobbar systematisk med språk og terminologi, vil det gje gevinstar i form av kuraterte språkdata som kan gjenbrukast i digitaliseringa.

Gruppe for norsk medisinsk fagspråk har i samarbeid med Språkrådet og Direktoratet for e-helse arrangert seminar i samband med begge bokutgjevingane og har i forlenginga etablert eit nettverk av sentrale aktørar i helsesektoren. Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol skreiv føreordet i den siste boka og opna lanseringsseminaret.



*Frå lanseringa av Pasientjournalen – språk, dokumentasjon og helsekompetanse. Frå venstre: helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol, redaktør Magne Nylenna, Språkrådets direktør Åse Wetås og redaktør Erlend Hem. Foto: Isak Ramsvik*

Bøkene og seminara har hatt stor verdi når det gjeld å setja helsespråk på dagsordenen og samla sentrale aktørar i helsesektoren. Artiklar frå bøkene har blitt republiserte i mellom anna *Tidsskrift for Den norske legeforening* og andre helsetidsskrift, og dei har blitt breitt omtala i den medisinske fagpressa.

## **Framtidas helsespråk**

Språket i e-helseløysingar vil vera svært viktig for helsespråket i framtida, og ved å inkludera nynorsk i eit felles nasjonalt helsespråk vil helsesektoren ha etablert ein mønsterpraksis for korleis ein som offentleg aktør kan ta språkpolitisk ansvar etter språklova. Det er viktig at aktørane deler terminologien og gjer han tilgjengeleg, slik at han kan gjenbrukast, både internt og av andre. Deling internt vil bidra til eintydig og konsekvent terminologibruk. Når terminologien blir delt og gjord tilgjengeleg for andre, kan han nyttast i arbeidet med ulike digitale og språkteknologiske løysingar som i neste omgang vil koma helsevesenet sjølv til gode.

## **Summary**

The Language Council, a public body under the Ministry of Culture and Equality, is responsible for securing the implementation of Norway's national language policy and aims its efforts towards sectors that are identified as particularly important. In January 2022, the Language Act entered into force, accompanied by a White Paper marking out the course of Norway's language policy in the years to come. The Language Act establishes the cross-sectoral principle that has long been a core element in the language policy of Norway: The entire public sector is responsible for language. However, some sectors are identified as particularly important for Norwegian to be a complete language that can be used in all areas of society, and the White Paper points to the health sector as a crucial sector. If Norwegian is to be used in all areas of society and in all parts of civil society in Norway, Norwegian terminology must be developed in all fields. The health sector has since 2019 been working to introduce a national health language by implementing the international terminology SNOMED CT across different e-health systems. The Language Council monitors these efforts to ensure that they are done in line with language policy goals. The Language Council also cooperate with strategically important actors and has contributed to two publications on health language and the establishment of a network of key health language actors.

## Referansar

- Hem, Erlend, Nina Husom & Magne Nylenna (red.), 2023: *Pasientjournalen – språk, dokumentasjon og helsekompetanse*. Michael 2023; 20: Supplement 31. Henta 20.10.2023. <https://www.michaeljournal.no/journal/1000/31>
- Hem, Erlend & Magne Nylenna (red.), 2021: *Helsespråk*. Michael 2021; 18: Supplement 26. Henta 20.10.2023. <https://www.michaeljournal.no/journal/1000/26>
- Prop. 108 L (2019–2020) *Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)*. *Lov om språk (språklova)*. Kulturdepartementet. Henta 20.10.2023. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>
- Språklova (2022) *Lov om språk (språklova)*. Kultur- og likestillingsdepartementet. Henta 20.10.2023. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42?-q=spr%C3%A5klova>
- Stokke, Alfild & Ole Våge, 2021: Felles helseterminologi er pasientvennlig. I: Hem & Nylenna 2021, s. 112–118. Henta 20.10.2023. <https://www.michaeljournal.no/article/2021/05/Felles-helseterminologi-er-pasientvennlig>
- Wetås, Åse, 2023: Korleis alt heng saman – helsespråk i praksis. I: Hem, Husom & Nylenna 2023, s. 31–35. Henta 20.10.2023. <https://www.michaeljournal.no/article/2023/02/Korleis%20alt%20heng%20saman%20E2%80%93%20helsespr%C3%A5k%20i%C2%A0praksis>

## Forfattar

**Ann Helen Langaker** er seniorrådgivar i Språkrådet i Noreg. Ho jobbar hovudsakeleg med å følgja opp språkpolitikken på feltet terminologi og fagspråk i helsesektoren.

## Nøkkelord

helsespråk, språkpolitikk, språklov, sektorovergripande prinsipp

## Bibliografiske oplysninger

---

Langaker, Ann Helen, 2024: Helseterminologi i eit språkpolitisk perspektiv. I: Kirsten Lindø Dolberg-Møller (red.): *Sprog i Norden 2024*, s. 153-159.

<https://tidsskrift.dk/sin/issue/archive>

© Forfatterne, Nordterm og Netværket for sprognævnene i Norden

---